

Satsing på 8 millionar i nabolaget

13.04.2011



Stein Olav Ølvestveit hadde all grunn til å smila i dag.

**Det skjer store ting i det nærmeste nabolaget til Uskedalen.
Dagleg leiar av FK-butikken i Sandvikslia i Dimmelsvik var
strålende fornøgd i dag.
Stein Olav Ølvestveit og dei 5 medarbeidarane
hans opplevde storinnrykk av kundar ved nyopninga av eit anlegg
som Felleskjøpet Rogaland/Agder no har satsa 8 millionar på å rusta
opp.**



[Bygget er førebels ikkje ferdig utvendig, men det tek ikkje så mange dagane.](#)

Førebelser kan det kraftig utvida huset verka noko utferdig, men Ølvestveit forsikrar at det er utvendig medan alt er klart innvendig. Det som står att er mellom anna taktekking og utvendig kledning. Heller ikkje skiltinga er difor heilt på plass. Heile bygget vil om stutt tid stå fram som nytt og moderne. Golvarealet er meir enn fordobra - frå 160 til 370 kvadratmeter. Det er laga eit nytt inngangsparti mot lagerbygningen og på motsett side er det ført opp eit tilbygg på 8 X 6 meter i to høgder. Det vil bli nytta som butikkklager. Det eksisterande lagerbygget har vorte grovlager.

FK-butikken framstår no som langt meir oversiktleg enn før og drifta vil verta langt meir effektiv i og med at kundene i stor grad kan finna fram til varene sjølve, seier Ølvestveit.

Også spekteret av varer blir utvida og det er altså langt meir plass til å visa dei fram.

- Og kva var lokkemidlet i dag, ettersom det kom så mange?
- Vi hadde nokre jakkar og bålpannar som synte seg å slå godt an.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen